

Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
NR. 3 – SEPTEMBER 2005 – 8. ÅRGANG



Buføring frå Stavali.



Frå Trøvollen i Kløftåsen, under Streif-arrangementet i Vangrøftdalen. Tom Philip Enge og hesten hans sørga for skyss til dei som trengte det. Foto: Arvid Gjelten, Bondebladet.

Seterstreif i Vangrøftdalen

17. juli i år var det duket for "Seterstreif i Vangrøftdalen" – et arrangement under Landbruks- og Matdepartementets hundreårsmarkering av unionsoppløsninga.

Hovedtema for den landsomfattende markeringen skulle være mat og kulturlandskap, og programmet for Seterstreifet bar preg av dette.

Meir på side 6



Årsmøte

og seminar i NSK blir helga 22.-23. oktober på Båsheim gjestegård i Sigdal. Se innkalling. Familien Ulberg – med aktiv seterdrift på Grøset seter – driver også gjestegården, der møte/seminar finner sted. Hvis vær og føre tillater det, blir det lagt opp til en tur opp til setra.

Seterbrukaren

kjem neste gong i desember, med frist for stoff, foto og annonsar 20.11. Som alltid minner vi om at spaltene er opne, bladet er til for å bringe vidare både gladmeldingane frå seterlandet og ytringar av meir fagleg eller politisk karakter. Det har vore mange seterarrangement i sommar, så det er sikkert mange gode foto "på lager" – som fortener eit større publikum!

Fotokonkurransen

vi tillyste i forrige blad vil vi også minne om. Nokre bidrag er komne, men vi håpar på langt fleire!

Neste blad

vil bl.a. ha stoff om setring i Nord-Italia. Seterbrukaren/NSK har lesarar og medlemmar i mange land, blant anna i Piemonte i Italia. Vi vil etter tur presentere små artiklar om seterdrift under andre himmelstrok

Arrangement

har det vore på mange stolar i sommar. Vi presenterer litt i dette bladet, men vi tek gjerne i mot meir stoff om slikt – både omtale og foto! Slike arrangement er positive på så mange vis, ikkje minst for å sette fokus på kor viktig det er å ta vare på seterdrifta og stølslandskapet.

Styret:

Jostein Sande, leiar
6214 Norddal.
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksen Sole, nestleiar
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50
kjersti.sole@skjaak.kommune.no

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55 – odar-esp@online.no

Stein Brubæk, 6636 Angvik,
tlf. 71292732, sbrubæk@c21.net

Gjermund Stormoen.
TINE BA, Pb 25, 0051 Oslo
Tlf 22938800 - gjermund.stormoen@tine.no

Varamedlemmer

Elin Rønning, Meråker. Tlf. 90 96 74 60
Ingrid Arneng, Heggnes. Tlf. 95 78 32 06
Marit Hoel, Molde. Tlf. 71 24 46 04

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Framsidedfoto frå heimturen frå Stavali på Hardangervidda, der Norsk seterkultur hadde sitt offisielle 2005-arrangement. Foto: Felix Beck.

Ny regjering, ny landbrukspolitikkk?

I siste utgåve av bladet Buskap les vi at 83 av 92 mjølkeprodusentar i Vestre Slidre framleis er på stølen med buskapen. Oppland prioriterer stølsdrift, stølane er satsingsområde, går det og fram av artikkelen. Det blir vist til det regionale miljøprogrammet, der ein i Oppland legg særleg vekt på kulturlandskap med beitebruk og seterdrift. Dei som framleis fører buskapen til støls får frå i år eit vesentleg auka tilskot for seterdrifta. Dette gjeld vel alle fylka, ja i somme fylke er ein faktisk og vesentleg rausare enn i Oppland. Såleis er vakre ord i ferd med å bli følgd opp av pengar. Men er det nok? I fjor skaut nedlegginga av setre fart, no blir det spennande å sjå statistikken for 2005 – har det auka setertilskotet bremsa nedlegginga?

Gjennomsnittsbuskapen i norsk mjølkeproduksjon er på om lag 16 årsstyr – og i Valdres og andre "kjerneområde" for stølsdrift er vel faktisk gjennomsnittet legre. Som kjent må det aktive gardsbruk til for å gi levande stølar, og landet over er det først og fremst desse små mjølkeproduksjonsbruka som held setrene i hevd. Vi skal gle oss over vakre ord om stølsdrifta og auka setertilskot, det er trøst i slikt, men vi må samstundes konstatere at den generelle landbrukspolitikken – dei tunge "grepa" som har vorte sett i verk siste fire åra – har gjort kvardagen stadig vanskelegare for dei små mjølkeproduksjonsbruka! Mange har rett og slett gjeve opp!

Geoturisme er eit omgrep som har dukka opp i seinare tid. Det handlar om ekte opplevingar, om den lokale kulturen, historia, mattradisjonane, dei gode sogeneIkkje noko nytt, eigentleg – men ei ny nemning for noko mange seterbrukarar har dreve med lenge. Er det noko som fell rett inn i dette, som departement og Innovasjon Norge satsar på, så er det seterdrifta! Seterdrifta vår er attraktiv, eksotisk og eksklusiv for mange turistar – ikkje minst utlendingar. Men skal vi vera truverdige må "turistsetra" vera representant for ei levande driftsform – med både fortid og framtid. Ei driftsform som har eit omfang og ei utbreiing som gjer at vi med frimot kan fortelje om at seterdrifta er ein integrert del av framtidsetra og berekraftig mjølkeproduksjon! Blir seterdrifta ytterlegare redusert, er faren stor for at vi misser det potensialet seterdrifta representerer for ytterlegare verdiskaping i bygdene. I valkampen har fleire tala varmt for familiejordbruket – og når dei "raud-grøne" no går mot Soria Moria er det grunn til forventningar: at den beinharde omstruktureringa vi har sett siste åra kan bli avløyst av ein politikk som sikrar framtida for eit mangfaldig familiejordbruk – der mjølkeproduksjon med seterdrift og bruk av utmarksbeite får meir enn fagre ord!

Jostein

Årsmelding

Melding om verksemda april - oktober 2005

Siste årsmøtet i Norsk seterkultur (NSK) vart halde i Miljøhuset, Grensen 9, Oslo 17. april 2005. Dagen før var det fagseminar. Årsmøtet vedtok å endre tidspunktet for årsmøtet – til oktober/november, gjeldande frå 2005. Arbeidsåret denne meldinga omfattar blir såleis kort. Det sitjande styret: Jostein Sande, leiar, Kjersti Reksen Sole, nestleiar, Odd Arne Espeland, Stein Brubæk og Gjermund Stormoen (repr. landbrukssamvirket). Vara til styret: Elin Rønning, Ingrid Arneng og Marit Hoel. Det har vore tre styremøte. Kontakt mellom dei tillitsvalde skjer i vesentleg grad via internett. Styreleiar har fungert som "dagleg leiar" i organisasjonen, samt redaktør for skriftet Seterbrukaren og nettstaden www.seterkultur.no. Svein Løken, Øyer, har halde fram som kasserar. Sentrale arbeidsoppgåver sidan årsmøtet har vore innspel og påverking i høve jordbruksforhandlingane, deltaking i ulike seter-arrangement, representasjonsoppgåver, politisk- og fagleg profilering. Det er i samsvar med arbeidsplan gjeve ut to utgåver av Seterbrukaren – juni og september, opplag 1000 eksemplar. Fleire tillitsvalde har hatt representasjonsoppgåver, men nemnast særskilt må Marit Hoel, som har teke på seg fleire slike oppgåver.

Organisasjonen var svært aktiv inn mot jordbruksforhandlingane – og var truleg sterkt medverkande til at eit seterprosjekt som staten foreslo fekk eit vidare fokus – både geografisk og innhaldsmessig. Det vart semje om eit prosjekt til 10 millionar over fem år – gjennomført i fylka Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal. NSK har hatt møte med Norges Bondelag om dette prosjektet, sameleis kontakt med departementet og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. NSK har spelt inn at organisasjonen kan ta vesentleg ansvar i prosjektet, men framdrift og opplegg er ikkje avklart. Faglagta foreslo eit vesentleg økonomisk bidrag til NSK over jordbrukavtalen, men staten avviste dette.

I 2003 fekk NSK kr. 200.000 til organisasjonsutvikling over jordbrukavtalen. Ein har ikkje lukkast å få ytterlegare midlar til dette, og økonomien er dermed ei stor utfordring for den vidare utviklinga av NSK! Søknaad til avtalepartane er gjenteke, dessutan er det søkt andre kjelder om støtte. Organisasjonen burde hatt ein forutseiar økonomi i botn – som t.d. dekte Seterbrukaren, nettstaden og ein mindre sekretærfunksjon, og ut frå eit slikt grunnlag kunne ein og satse meir på prosjektarbeid. **Framhald side 7**

Ta turen til Sigdal helga 22.-23. oktober!

Innkalling til årsmøte i Norsk seterkultur

Søndag 23. oktober 2005 kl. 10.00 på Båsheim gjestegård i Sigdal.

Årsmøtesaker i samsvar med vedtektene.

Siste årsmøtet vedtok ei vedtektsendring som innebærer at årsmøte skal holdes i oktober-november – og med virkning fra 2005.

Seminar

Lørdag 22. oktober kl. 13.00 – 17.00.

Tema: Utfordringer og muligheter for seterdrifta. Eksemplar fra Buskerud. – Ny regjering – ny landbrukspolitikkk?

Virkning for seterdrifta? Kl. 20.00 Årsmøtemiddag og kulturinnslag.

Informasjon/påmelding:

Norsk seterkultur, 6214 Norddal – seter@seterkultur.no Telefaks 70 25 91 57 – Tlf. 70 25 91 77 (Bruk gjerne e-post).

Påmelding innan 17. oktober. Informasjon om årsmøtehelga er lagt ut på www.seterkultur.no

Tida på setra er trivsel!



Sommaridyll ved elva. Plassen heiter "Dype stille".

Setra er møteplassen for heile familien, der trivst vi alle sammen – sjøl om det kan vera litt trangt. Setra er ein veldig viktig del av gardsdrifta vår både praktisk/økonomisk og for trivselen, og vi håpar verkeleg det skal vera ei framtid for ei slik driftsform. Det er Lillian Bakken i Budalen i Sør-Trøndelag som svarar dette på spørsmål om kva setra betyr for dei. I lag med mannen Per Arnulf driv ho garden Bjørkåsen, med setra Bjørkåsvollen som ligg i Synnerdalen. Fire barn – 25, 23, 19 og 16 – og to barnebarn får elles plass på familiebiletet, og alle har eit positivt forhold til setra, der dei får utfolde seg både i arbeid og leik.

Gardsdrifta omfattar 14-15 årskyr og om lag 140 dekar innmark. Dei har mykje vårkalving, og dermed blir det produsert mykje mjølk i setertida. Ikkje så langt frå garden har dei lagt ut eit hyttefelt med 20 tomter, som dei sel og utviklar gradvis. Dei er delaktig i eit lite sagbruk, og både material og byggjearbeid, samt tenester som brøyting og vedlikehald blir levert til dei som har hytter i området. Lillian har også arbeid på eit rekneskapskontor – fører gardsrekneskap – men

fortel at ho tek fri frå dette to og ein halv månad om sommaren for å vera på setra.

Vi flyttar på setra i månadsskiftet juni/juli og er der vanlegvis i vel to månader. Setra ligg 12-13 km frå garden, i statsalmenning som er ein del av landskapsvernområdet i tilknytning til Forellhogna nasjonalpark. Det meste av mjølka går til meieriet, men vi lagar også ein del rømme og kokar gubb-ost, som vi sel til både fastbuande, hyttefolk og turfolk, fortel Lillian. Og ho legg til at ho har inntrykk av at stadig fleire satsar på forredling på setrene, og at det frå Mattilsynet er ei positiv haldning til dette. Det blir stadig fleire turistar i området, og Lillian meiner markedet for lokal mat vil vekse. Den sterke posisjonen seterdrifta har i Budalen bør vera eit godt utgangspunkt for å gi folk gode matopplevsar.

Dei bygde nytt fjøs på Bjørkåsvollen i 1991 – med rørmjølkanlegg og dieselaggregat. Elles er husa på vollen frå 1700-talet. Kyrne beiter fritt i utmarka, og kjem punktleg att til mjølkning om kvelden. Gode vanar i så måte er viktig. Om natta er dei bundne inne i fjøset.

Berre landsskyttarstemnet får meg bort frå setra, fortel Lillian. Det er ein årleg tradisjon for oss, men bortsett frå den veka er eg på setra heile sesongen og trivst veldig godt med det. Ja, også etter at vi har flytta heime tek eg turar til setra, det er fint der utover hausten og alltid ting å gjera av vedlikehald og forberedelsar til vinteren. - Lillian er sterkt engasjert i seterdrifta, som i landbruket elles. Såleis er ho leiar i produsentlaget (i Tine) for Budalen – Singsås – Rognes, som dagen etter at vi hadde denne samtalen la ut på hurtigrute-/busstur for å møte kollegaer og sjå på forskjellige fjøsløysingar på Nordmøre. 30 deltakarar på ein slik tur er bra, synes Lillian, som har klare synspunkt på



Aud i silbua i fjøset.

kor viktig det er å ta vare på mjølkeproduksjonen rundt om i bygdene. Og ho legg til at politikarar og andre ikkje må gløyme – når dei snakkar fint om seterdrifta – at det må aktiv gardsdrift til heile året for at vi skal kunne ha seterdrift og oppretthalde åpne og innbydande stølslandskap!

"Evig eies kun det tapte"

"Evig eies kun det tapte", slik skreiv Ibsen ein gong, og eg har alltid hatt vanskar med å forstå kva han eigentleg meinte med det. Men så kom eg på å konkretisera det slik: Stavkyrkja i Vang er borte, og naturlegvis, det tapet vil Vang eiga til evig tid, sjølv om dei er så heldige at dei likevel kan få sjå kyrkja i Polen, dit ho vart flytt på 1850-talet. Dei hadde evne og vilje til å ta vare på henne. Jarnvegen til Valdres er borte, og det tapet eig Valdres til evig tid. Men kva er det eigentleg eg vil fram til? Jau, naturlegvis er det mange ting som vert borte etterkvart, både av bygningar og anna i tillegg til skikkar og bruksmåtar. Og ofte endrar ting seg

utan at ein eigentleg har teke standpunkt til om ein ville det slik, eller prøvde hindre det, om ein kunne. Når det gjaldt stavkyrkja i Vang, så ville dei som bestemte i bygda ha den bort, og det hjelpte ikkje at ein einskild gardbrukar var stolt over, og glad i den, og tilbød gratis tomt: Nei, burt skulle kyrkja. Jarnvegen til Valdres derimot, var det mange som sloss for at den skulle verta verande, men motstandarane vart for sterke. Dette viser oss kor viktig det er at ein hegnar om det ein synest er verdefullt å ta vare på, om ein ikkje vil eige tapet til evig tid. Slik er det også med språket vårt, nynorsken. Den må me også bruka om me vil ha den med

oss inn i framtida. Det er vanskeleg å spå om framtida, seiest det, men her om dagen fekk eg eit spørsmål frå Tale, barnebarnet mitt på 6 år, som fortalde meg at me kan veta litt om framtida når me berre tenkjer oss om. Ho spurde: "Bestemor kan Gud sjå inn i framtida?" Eg svara at det trudde eg at han kunne, men kan du det Tale, spurde eg? Ja litt, svara Tale. "Eg veit at når eg har fødselsdag, så får eg gåver." Så enkelt var det, ho bygde på tidlegare erfaring. Og kva er det eg eigentleg vil fram til med dette.

Framhald side 4

Framhald frå side 3.

Jau, i Valdres har det vore mange innlegg og diskusjonar om korleis ein best kan gjera seg nytte av dei ressursane som Valdres har, både når det gjeld jordbruket og turismen i dalen. Og kan ein kombinera dette, samarbeide og planleggje for framtida? Valdres har eit jordbruk der stølsdrifta framleis er levande. Ja, Valdres er det området i Noreg som har flest stølar i drift i dag. Etter jordbruksteljingane i 1907 var det 44.000 stølar i bruk her i landet, i 1939, 26.400 og i 1979 berre 3.100. I Valdres i 1981 var det 660 stølar i drift og i 2004, 287 stølar. I andre landsdelar er det ofte berre stølsbygningane som står att og fortel om det livet som eingong var på stølsvollen.

Når støslivet er borte, vert det gjerne skrive bøker om det som eingong var. Og ei av dei siste er: **SÆTERLIV I VOLDA-FJELL**, Sætrar langs Austefjorden frå Fylsvik til Volda, av Valborg Hustadnes. Hustadnes skriv om støslivet på dei 44 sætrane i området der ho bur på bakgrunn av det dei mange budeiene har fortalt henne frå den tida dei sjølve opplevde dette sæterlivet. Dette er folkeminne i djupaste forstand, og saman med bilete frå farne tider, i tillegg til bilete tekne i seinare tid, får ein ei levande og kunnskapsrik formidling om korleis sæterlivet var i Voldafjell.

Den 4. september i år var det "Seterjentens søndag" på Kvivssætra i Austefjorden, skipa til av Nynorsk kultursentrum i sam-

arbeid med Austefjord bygdekvinnelag og Volda bygdetun. Bygdefolket møtte tallrikt fram, både store og små. Og med eit rikholdig program med kulokk, foredrag, blåsing i lur og bukkehorn, forteljing om sæterlivet, separering og kinning, var det mykje å gleda seg over under lanseringa av denne minneboka om sæterlivet i Volda. Mat fekk ein også kjøpt seg, rjomegraut og mykje anna godt. Sæterdagen vart vellukka og fin, med litt både sol og regn mellom vindflagene. Sæterdagen er nok noko som truleg vil verta ei årvisst tilstelning i Austefjorden.

Kvivssætra ligg fint til mellom høge fjell og med utsyn til bekk og bre, der den store geiteflokkon på vel 100 geiter finn seg saftig fjellgras oppetter liene. "Sætra i Kivisdalen er den einaste sætra i Austefjorden der det har vore samanhengande drift i fleire hundreår, fram til i dag. Men driftsformene har skifta mykje, frå tida då buskapen låg ute i kvie om natta, og gjætaren hadde eit vakkert hus. Mjølka måtte berast til gards. I dag er det eit stort geitefjøs på sætra, og meieribilen køyrer heilt opp og hentar mjølka", skriv Valborg Hustadnes i boka Sæterliv i Voldafjell. Ho fortel også om gjætarane som oftast berfotte gjekk ikring i fjellet. Når dei var kalde på føtene, og det var dei nok ofte, så stakk dei føtene oppi kurukene for å få litt varme attende. Slik var livet, ein måtte finna dei løysingane som låg i dagen, for å klara seg som best råd var. Valborg Hustadnes har vore interessert i støslivet, heilt sidan

ho som lita gjente opplevde dette heime på Bjølvesete i Ytre Ålvik i Hardanger. Men på Bjølvesete er støslivet også berre eit minne i dag.

Men vil me ha det slik her i Valdres, at støslivet berre skal verta eit minne, slik stavkyrkja i Vang er det, og jernbanen til Valdres? Og kan me gjera noko meir for at det ikkje skal verta slik ein gong i framtida. Valdres har kome fram til eit slagord: Valdres skjerpar sansane. Men dette er ikkje eineståande for Valdres. Men Stølsriket Valdres er noko eineståande, enno. "Ein gard utan støl er lønalaus", sa dei heime i Hardanger. "Valdres utan støsliv, er ikkje liv laga" - kan ein seia det slik?

Eg skreiv ein gong at stølsbygningane er "Stavkyrkjene" våre i fjellet. Slektsverdien i kvar einaste stølsbygning er høg når ein ser dei i tilknytning til kvar einaskild gard og kvar einaskild bygd. Me spør ofte om me kan ta vare på vår kulturarv, men er det ikkje heller den som er med på å ta vare på oss?

Victor Hugo har sagt det slik;

**Ein bygning har to eigenskapar,
Bruken og venleiken.
Bruken tilhøyrr eigaren,
Venleiken heile verda.**

Halldis Aalvik Thune



Mykje folk fann vegen til Kvivssætra og "Seterjentens søndag" som Nynorsk Kultursentrum arrangerte i samarbeid med Austefjord Bygdekvinnelag og Volda Bygdetun. Birgit Berg syng/kved/lokkar. Foto: Asbjørn Hustadnes.

Norsk Seterkultur sin 100 års markering på

Stavali, Hardangervidda

Som en av de heldige, fikk jeg være med som ekstrahjelp på Stavali ved Norsk Seterkultur sitt arrangement. Vertskapet for dette var Odd Arne og Gjertrud Espeland fra Jondal og som har drevet stølsdrift på Stavali med noe av sin buskap i de siste 7–8 år, samt at Odd Arne har hatt betjening av Bergen Turlag sin turisthytte som ligger på 1024 m o.h. Med andre ord; en heller lang og tungvint vei til fjells både for dyr som mennesker. Men takket være vår ”moderne” tid, er helikopter fra Kinsarvik blitt en svært verdifull måte å få bragt opp forsyninger/utstyr på. Stavali hørte i sin tid til prestegården på Lofthus i Ullensvang fra omkring 1750 og de gamle steinhusene er idag restuert og i bruk v/stølsdriften.

KORTREIST MAT

Markeringen av Streif-arrangementet skulle være et tilbud av god, gammel seterkost eller i vår moderne benevnelse; kortreist mat. Det var virkelig spennende onsdag ettermiddag/kveld hvor mange fjellvandrere som hadde funnet veien til Stavali, og som ville takke ja til tilbudet. Dessverre har ikke været vært det beste på Vestlandet i sommer og høsten har nok allerede banket på dørene både ved fjell og fjord. Glade var de vandrere som kom til oppvarmet turisthytten og slapp å tilberede bokse-mat. Samtlige takket ja til tilbudet om servering.

Ved bordsete onsdag 24.08.05 var vi ialt 16 til middag hvor menyen bestod av reinsdyrstek m/tilbehør og multer m/fløte til dessert. Reinsdyrene hører jo fjellet til, mens desserten var omkring oss samt fløten som kom fra kuene til Odd Arne. Kaffe m/Vestlandslefsen litt senere. Torsdag 25.08.05 var like spennende og da var menyen fjellørret m/salat og varm blåbær-suppe m/kremklatt på toppen. Ørret var fisket på garn i et nærliggende fjellvann og blåbærene på tuene rundt oss. Til kaffen hadde Torbjørg, en av ekstrahjelpene, laget nydelige potetkaker. Og smaken



Alle foto: Felix Beck



var akkurat som i barndommens dager!

Fredag 26.08.05 startet Odd Arne koking av dravle (Hardanger-gomme) kl.10.00 på vedovnen og den skulle koke i 8 samfulle timer før den kunne blenges med egg + rømme/surmelk til den var klar for servering. Et paradoks til vår travle tid hvor det meste skal ordnes pr. mikrobølgeovn! Hovedmenyen var færikål som også er kåret til Norges nasjonalrett, og dravle m/sukker på til dessert. Takknemlige og glade var de gjester som kunne nyte dette ”herremåltid” etter en vandring i surt og kaldt vær. Den samme Torbjørg sørget for nystekte surmelkelapper m/syltetøy og rømme til kaffen.

Lørdag 27.08.05 stod kjerning av smør på programmet. Det var det Marit Hoel, representant for Norsk seterkultur, som viste oss hvordan det skulle gjøres. Både utlendinger såvel som norske fjellvandrere viste sin store interesse. Smaksprøve fikk alle til lørdagskvelden hvor det ble servert nylaget rømmegrøt m/spekemat og flatbrød samt dravle og lapper til kaffemat. Ved hver middag orienterte Odd Arne om de forskjellige matretter og tradisjoner. Marit Hoel kom med sine supplerende opplysninger både på norsk og engelsk.

Den nydelige maten under hele arrangementet ble tilberedt av Gjertrud og Odd Arne med hjelp av medbrakte assistenter, og ikke å forglemme Marit Hoel som både lokket og sang gamle folketoner.

OVER 50 MED PÅ BUFØRING

Fra lørdag til søndag kl.09.00 da buferden til Kinsarvik startet i regn og stiv kuling, var vi over 50 personer på Stavali. Det var nesten like mange utlenlandske vandrere som norske; tyske, svenske, nederlandske, engelske og samtlige var svært begeistret over å få denne flotte matopplevelsen i fjellheimen! Så og si ingen visste noe om arrangementet (kan hende litt dårlig P.R.?) Kanskje barn og ungdom også skulle fått tatt del i denne opplevelsen?

Med røtter i Jondal, bragte disse gode matopplevelser minner fra min barndom med besøk på stølen ---; fra en tid da moderne tekniske hjelpemidler manglet, men folk hadde tid til å lage mat fra grunnen av og ikke bare dagens hurtige tilberedelser av halvfabrikata.

Hjertelig takk til Gjertrud og Odd Arne Espeland som ga oss alle denne unike opplevelsen!

Signe Handegård



Seterstreif i Vangrøftdalen

Framhald frå side 1

Arrangementet var lagt til setergrenda Kløftåsen i Vangrøftdalen. På Kløftåsen – over en kilometer strekning – ligger det 6 setre som perler på ei snor, og 5 av disse setrene har mjølkeproduksjon, fortsatt basert på utmarksbeite! Den 6. setra er et svært aktivt sauebruk. Totalt ble det sommeren 2005 sluppet 106 mjølkeku, 124 ungdyr, 500 sau og 2 griser (!) på utmarksbeite. Setringa på Kløftåsen er en levende tradisjon som en kan følge uavbrutt i flere hundre år, og som selvfølgelig har satt sitt preg på kulturlandskapet i setergrenda. Kanskje kan vi her vise fram det mest intakte seter-kulturlandskapet i hele landet?

Kulturlandskapet var også et viktig tema for Seterstreifet. Hele dagen ble det arrangert vandringar i kulturlandskapet med tema seterliv, urtebrennevin (med smaksprøver) og pilegrimer. Det var stor interesse og deltakelse på vandringene, og vi er svært stolt av å kunne vise fram noe så flott og unikt.

På de enkelte setervoller hadde seterbrukerne lagt ned en stor innsats for å vise et glimt av dagens og tidligere seterliv. Utstilling av gamle tekstiler, gamle bilder, demonstrasjon av gamle teknikker som separering, ljaslått, hesjing, rivetinning, oppsetting av skigard, levende musikk og åpne seterhus, naturstier med nye og gamle kuriositeter.

Maten som ble solgt hadde også et preg av ny og gammel tid. Til middag kunne gjestene kjøpe skjørøst, rømme og spekepølse (alt fra RørosMat), eller seterburger. På alle voller kunne en kjøpe kaffe og ”tynning” – ei lokal tjukkelfse mye brukt som kaffemat.



Dei yngste finn fort kvarandre

Dagen må sies ble en suksess! Et forsiktig anslag over besøkende er 600 mennesker. Det ble etter hvert et fantastisk vær, og det var bare positive tilbakemeldinger å spore fra gjestene. Dette var også en så vellykket dag for arrangørene (setereier og turistservice-bedriften Fjellfølge DA) også, at vi ønsker alle hjertelig velkomne til ny seterdag på Kløftåsen søndag 16. juli 2006.

Med vennlig hilsen Randi Brænd for Fjellfølge DA og setereierne på Kløftåsen

Oddveig Eggen på Spellmovollen i full sving ved brunostgryta. Foto: Arvid Gjelten, Bondebladet.



Spellmovollen. Foto: Arvid Gjelten, Bondebladet.



Bilde frå boklanseringa på Kvivssætra som Nynorsk kultursentrum arrangerte. Ester Humberst fortalde om si tid som buedeie på ulike sætrar. Ho er 84 år, og ei av dei som fortel i boka. Fremst til høgre sit Birgit Berg, ho deltok med song og kulokk. Bak til høgre sit Helga Hamre, frå Austeffjord Bygdekvinnelag, som var medarrangør. Forfattaren står saman med Ester Humberst. (Foto: Asbjørn Hustadnes)

Seterliv i Volda

Heldigvis har det dei seinare åra vore ei gryande interesse for å samle stoff om den gamle seterkulturen, og mykje av det innsamla materialet har blitt og er i ferd med å bli samla mellom to permar. Ei av dei aller vakraste minnebøkene om seterlivet som har kome ut i dette distriktet, er Valborg Hustadnes si bok om setrane langs Austefjorden frå Fylsvik til Volda. Det er blitt ei særskilt vakker og forseggjort bok, med mange nye fargebilete av god kvalitet, og med ei særskilt lesverdige og oversiktleg tekst.

Valborg Hustadnes har tidlegare skrive om Aurstadsætra. Ho brukar konsekvent sæter med æ, endå om ordlista har seter. Sæter er likevel mest i samsvar med sunnmørsdialekta. Innhaldet i denne boka har ho basert på intervju med personar som har brukt setrane og som både har fått fortalt og sjølv har opplevd seterlivet og setertradisjonane. Ho har også hatt tilgang på nedskrivne notatar om livet på desse setrane. Langs Austefjorden som elles i landet voks setrane fram som følgje av at gardane utover på 1700-talet vart delte, og dermed vart så små at dei hadde større behov for å nytte fjellbeita. Først kom det kvier, inngjerda område, der dyra fekk ligge om natta, under oppsyn av gjetar. Seinare vart det bygd seterhus og etablert setergreender slik at huslydane kunne flytte etter buskapen somarmånadene. Hustadnes gir ei grei innføring i seterhistorie, og fortel om både matstell, gjeting, rovdyr og slått på setra. Ho har også med mange dikt og songar som har vorte laga til setra sin pris, og ho fortel om snøfönnene som av og til kunne utslette heile setregreender, slik det skjedde både med Joldalssetra og Håviksetra.

Hovuddelen av boka handlar om kvar einskild seter i fjella langs Austefjorden. Kvart område har fått sitt kart, der setrane er avmerkt, og boka er kronologisk ordna og lett å finne fram i. Dessutan er dette blitt ei rikt illustrert bok, med ein fin kombinasjon mellom gamle og nye bilde.

Framifrå, rett og slett.

Harald Kjølås
Sunnmørsposten

Valborg Hustadnes:
"Sæterliv i Voldafjell".
191 s.
Eige forlag



Ynskjer å kjøpe

lite gardsbruk
(konesjonsfritt - under 100 da.).
Tlf. 51 74 45 96

Framhald frå side 2

Medlemstalet veks – men gjev likevel ikkje nok inntekter til at organisasjonen kan auke aktiviteten og slagkrafta vesentleg. Fleire mulege samarbeidspartnarar og økonomiske kjelder har vore prøvd, utan konkrete resultat så langt.

NSK har også i denne arbeidsbolken fått mykje positiv omtale, Seterbrukaren og www.seterkultur.no får mange gode tilbakemeldingar og blir aktivt brukt, og dei mange henvendelsane – frå inn og utland - viser at organisasjonen har ein rolle å fylle! Både bladet og nettstaden er vidareutvikla og gjort meir aktuelle. Organisasjonen har vore godt synleg i media.

Alliansebygging og samarbeid er viktig for seterbruket. NSK har vidareført samarbeidet med ei rekkje organisasjonar, institusjonar og styresmaktene. Særskilt må Grønt Spa'tak nemnast, samarbeidsprosjektet som Natur og Ungdom, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Felleskjøpet og NSK står bak, og som i 2005 hadde 70-80 ungdomar på seter eller beitetilsyn. Gode tilbakemeldingar. - Fleire organisasjonar (også utanlandske) og prosjekt nyttar NSK sine kanalar for å spreie informasjon. Internasjonal kontakt har halde fram – med nærskylde organisasjonar og miljø m.a. i Sverige, Sveits, Italia, Danmark, Tyskland og Østerrike.

Styret

Valgkomiteen sitt forslag

Valgkomiteen består av: Reidun Skånars, Lom, leiar og Pål Aukrust, Os i Østerdalen og Bjørg Brataker, Hovet. Det har vore kontakt med samtlige tillitsvalde, og med bakgrunn i den korte tida sidan førre årsmøtet forslår komiteen attval på styret med varamedlemar. Årsmøtet vel nytt medlem i valgkomiteen.

Bli med i



Medlemskontingent 2005

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttemedlem/abonnement på	
Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
 Organisasjon/institusjon
 Støttemedlem/tinging

av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77

Fax: 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51 169

Frisk satsing i Hemsedal!

I bladet GildeBonden les vi at bonde, seter-entusiast og tidlegare styremedlem i Norsk seterkultur, Anne Ulsaker Bækken, satsar friskt – nybygg på setra til 4,5 millionar! Grunnlaget er 12 årskyr, 140 dekar innmark – og stort pågangsmot. Anne fortel at ho vart turistvert heilt tilfeldig: straumen vart borte, det måtte lagast rømme og den måtte seljast ved Panoramavegen. Folk kjøpte, og ville ha andre produkt. Drifta har sidan vorte utvida stegvis. – Nybygget – Ulsåkstølen Fjellstugu er på 280 kvm grunnflate i 2,5 etasjar. God plass til servering og overnattingsplass for 12. Og på toppen – "landets flotteste stølsbu" – 120 kvm leilegheit, eller som Anne seier det – "det er liksom kårhuset mitt der" –!. I følgje reportasjen har Anne to faste medarbeidarar i sesongen, til å ta seg av overnatting/servering – medan ho sjølv helst vil konsentrere seg om kursverksemd. "Men i likhet med andre gründere; hun er overalt. Flyr som en strikk mellom fjøs, ystekurs og fjøs"!

Barn til seters

Gammelsetra i Grøvdalen på Nordmøre er kjent for sine seterkurs. 4-500 har gått på kurs der dei siste vel 30 år. Nytt av året er opplegget "Barn til seters", og vi saksar følgjande frå Aura Avis: "Det nye opplegget "Barn til seters" ved Inner Gammelsetra gikk veldig fint. Deltakerne var fornøyde og karakteriserte opplegget som et kjempeopplegg. – Mange har "booket" seg inn for flere år framover, og flere har vært innom for å forhøre seg om tilbudet. De sistnevnte kommer til neste år, stråler Ylva Svisdal Bjørndalsæter. Ungene bor på setra, mens foreldrene kan benytte Pål Svisdals seterbu. – Barna var så slitne om kvelden og fikk sove. Vi gjør det som de synes er artig, forteller Ylva." Sjå meir på www.gammelsetra.no

Seterdag på Fagerli

Søndag 21. august var det open seterdag på Fagerli i Nord-Fron. Inger og Gunnar Vaet opna dørene og inviterte til seters. Her var det Nord-Fron Bondelag som hadde dette som "Åpen gard"-arrangement, og bakgrunnen er sjølsagt at det er mange setre i drift i Nord-Fron. Det var lagt opp til mange aktivitetar, formidling av historie og lokale produsentar fekk selje varene sine. Ein representant frå kokkelandslaget var også med – og tilbereidde lokalprodusert mat.

Setrar på World Heritage-lista

I sommar vedtok Unesco å innlemme Vestnorske Fjordlandskap, Nærøyfjorden og Geirangerfjorden med omland på verdsarvlista. Fjord- og fjellområde i fire kommunar i Sogn og Hordaland og to i Møre og Romsdal er med, og grunnlaget for statusen er landskapsvernområde og naturreservat. I dei store fjellområda er det òg mange setrar, fleire i full drift. Dette er kvalitetar som Unesco har lagt stor vekt på. Da avgjerda var eit faktum var det feiring og markering både i sør og nord, bl.a. på Heraldssetra i Norddal – der 3-400 var samla til eit stemningsfullt arrangement. For meir info: www.verdensarv.com



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen
og vi støttar Norsk seterkultur
i arbeidet for denne driftsforma

Kraftfôrvalg til beite er enkelt!

Kvaliteten og tilgangen på beitegraset er som regel best om våren og på forsommeren. Utover sommeren er det vanskeligere å holde stabil kvalitet. Faktorer som beitestrykk og værforhold er da sentrale.

FORMEL BEITENØKKE				
Ytelse	Svært godt beite	Middels godt beite	Ugjodsla beite/utmark	Lite beite
10 kg			1 kg FORMEL Favor 20	2 kg FORMEL Fiber
15 kg		1 kg FORMEL Favor 30	3 kg FORMEL Favor 20	4 kg FORMEL Fiber
20 kg	1 kg FORMEL Favor 10	3 kg FORMEL Favor 30	5 kg FORMEL Favor 20	6 kg FORMEL Fiber
25 kg	3 kg FORMEL Favor 10	5 kg FORMEL Elite	7 kg FORMEL Favor 20	8 kg FORMEL Fiber
30 kg	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Elite	9 kg FORMEL Favor 20	10 kg FORMEL Fiber
35 kg	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Elite		

Dersom mjølkemengden går ned, vet du at det er på tide å vurdere mengde og type kraftfôr.



Økt lønnsomhet for bonden



www.fk.no